



Austrheim kommune  
Sætre marka 2  
5943 AUSTRHEIM

Dato: 14.08.2014  
Vår ref.: 2014/18366-7  
Saksbehandlar: annvabo  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn til detaljreguleringsplan for Næringsområde NO5 Leirvågkrysset, 2 .gongs offentleg ettersyn - Austrheim kommune**

Vi viser til brev datert 24. juni 2014 om høyring av forslag til detaljregulering for NO5 Leirvågkrysset. Hovudføremålet i planen er næring. Føremålet er i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næringsføremål.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 7. september 2005.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Vurdering**

#### Areal og transport

Hordaland fylkeskommune er positiv til regulering av næringsareal nær hovudveg og at føresegnene er tydeleg på at det ikkje kan etablerast handel her, både i form av daglegvarebutikkar, kjøpesenter og annan detaljvarehandel. Dette stør opp om regionale målsettingar om samordna areal- og transportplanlegging og mål i Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel, som no er ute på offentleg høyring.

Når det gjeld samordna areal- og transportplanlegging bør og arbeidsplassintensive verksemder som hovudregel lokaliserast i senter og nært kollektivknutepunkt. Dette området er best eigna for industri og fylkeskommunen rår til at det vert sett eit tak på kor mykje kontorarbeidsplasser området kan innehalde.

#### Samferdsel

Fylkeskommunen er nøgd med at det i rekkjefølgjekrava er tatt inn at det ikkje kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for bygningar i planområdet før gang- og sykkelvegen er bygd og formelt er godkjent.

Samferdselsavdelinga har elles ikkje andre merknader

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet.

Hordaland fylkeskommune har ingen merknader til reguleringsplanen når det gjelder kulturminne og kulturmiljø.

## **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune rår til at det vert sett eit tak på kor mykje kontorarbeidsplasser området kan innehalde.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Vigdis Berge, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Nils Egil Grude, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland      Postboks 7310

Statens vegvesen - Region Vest    Askedalen 4